



Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 07.06.2022
Møtestad: Austrheim kommunehus
Møtetid: 16:15 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

Austrheim 8. juni 2022

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
013/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/22	Godkjenning av møteprotokoll
015/22	Meldingar
016/22	Arbeidssenteret, framdrift og utvikling
017/22	Etterlysning av drosje med rullestolkapasitet

013/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

07.06.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtesekretæren tar på seg å registrera medlemmene i rådet i møteportalen, slik at dei kan lesa innkallingane der.

Denne gongen var det vanskeleg å senda ut innkallingane på e-post, på grunn av storleik og vanskar med å slå saman PDF-dokument.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

RMNF - 013/22 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

07.06.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 014/22 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

015/22: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

07.06.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Odd Øksnes refererte til at han og Tone Rugset frå Austrheim lag av NFU, som deltok på SOR-konferansen i mai 2022, skal møtast 13/6 for å sjå korleis dei skal bringa kunnskapen vidare til rådet og tilsette i tenestene.

Fylkeskonferansen 6.-7. oktober 2022.

Møtesekretæren ordnar med påmelding, av Odd Øksnes, Mette Ekornrød og med Anny Bertelsen som reserve.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

RMNF - 015/22 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

Fylkeskonferansen 6.-7. oktober 2022.

Møtesekretæren ordnar med påmelding, av Odd Øksnes, Mette Ekornrød og med Anny Bertelsen som reserve.

016/22: Arbeidssenteret, framdrift og utvikling

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Leiar Odd Øksnes lagar til eit utkast til skriv, som han sender ut til medlemmene i rådet for tilbakemeldingar, og sender deretter over til formannskap og kommunestyre.

07.06.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Leiar Odd Øksnes sa seg skuffa over at denne saka har falle saman, etter at det ved årsskiftet var stort tidspress for å verta klar til å ta over lokale på Kaland.

Rådet diskuterte at saka hadde starta "i feil ende", og at det så hadde utvikla seg i feil retning. Det vart diskutert korleis ein skulle formulera eit skriv til administrasjonen og til politisk om kva rådet synest om dette. Rådet stilar dette skrivet til kommunestyre og formannskap.

Handsaming i rådet:

Framlegget til vedtaket vart samrøystes vedteke.

RMNF - 016/22 VEDTAK:

Leiar Odd Øksnes lagar til eit utkast til skriv, som han sender ut til medlemmene i rådet for tilbakemeldingar, og sender deretter over til formannskap og kommunestyre.

017/22: Etterlysning av drosje med rullestolkapasitet

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ytrar ønskjer om at tilgangen til HC-drosje vert forbetra.

07.06.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Mette Ekornrød viste til at det er vanskeleg å få turar med HC-drosje, sidan denne må bestillast dagen før.

Kanskje kan rådet ytra ønske om at det er fleire sjåførar på desse, slik at dei kan brukast meir enn no?

Handsaming i rådet:

Samrøystes for å senda framlegg til vedtak til Nordhordland Taxisentral, med kopi til Vestland fylkeskommune.

RMNF - 017/22 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ytrar ønskje om at tilgangen til HC-drosje vert forbetra.
